Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.  Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 5 og nr. 12.  Herad: Strandebarm

Emne: Gamaleng  Bygdelag: Omastrand

Oppskr. av: Andr. Oma, lærar h.v.  Gard: Oma

(adresse): Omastrand 73 år  G.nr. 38  Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, for det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til 1. a. Ja. innagjerdes: eng – utagjerdes utslåtter.

b. „Økrå" (av åker) og „attlegg" er kjent og nytta emne. Økra er engstykke, der det fyrr har vore åker. Attlegg tydde omlag det same: eit stykke jord som har vore open åker, ~~men~~ er tilsådd med grasfrø. d.v.s: Omlagt frå åker til england.

c. Tjukk-eng er vel kjent og bruka no ogso. Små-eng er ogso nytta av og til, eller helst smågras- „Me er ferdig med tjukkengji (eller berre engji) og byrja på smågraset", seier folk gjerne. „Tynslebådn" sa du ogso i min barndom, eller berre „tynslene", d.v.s – slåtte-teigar i bert og brekker – millom stauv og steinar. Det var ofte lite for ljåen. Ein kunde av og til høyra „skjemtord" som dette: „Du treng (eller du får) setja kvister, der du sluttar å slå, so du kan sjå kvar du skal byrja att. Men slike teigar vert ikkje slegne no for tidi; det svarar seg ikkje. Dei vert ofte omlaga til kulturbeite no, dersom dei elles høver til det...

d. Utslåttene her i kring var solis laga at ein kunde berre bruka stuttorv. Namnet var berre utslatta (eller slåtta).

2083

2.) <u>Rydjing.</u>

Rydjingi tok til, når varonna var vel undangjord: På åkrar og attlegg måtte dei restar av gjødningi som låg att, rakast saman i dungar (ronedungar) og køyrast vekk. På „tyrsleni" var det kvist, lauv og småstein o. m. som måtte rakast saman i dungar, <u>ronedungar</u>. Desse vart helst kvende- eller samla på ein stad mest mogleg. Eller ein kasta „rona'n" bort i ein gamal stuv eller i røys og let det rotna.

<u>Arbeidet kalla ein rydjing.</u> Det er helst kvinnearbeid, ein høyrde - og høyrer av og til enno - ordet: „<u>roneridå</u>" i vår dialekt.

<u>Ookka</u> vart „klora" utover helst ein kunde med tanke på gjødsling.

<u>Små steinar</u> fekk ein gjerne bort, men dei store fekk liggja i fred - til ein fekk sprengemne (krut og dynamitt); men no finn ein ikkje store steinar i engi (eller „enjå" som me seier.

<u>I utslåttene</u> ligg nok steinane i fred.

3.) <u>Mosevaksen eng.</u>

Kjenner ikkje til noko råd mot mose i engi frå mi barndomstid. —

Far nytta heimeavla frø - „<u>høyfrø</u>" - og kasta det i små opne jordstykke, som han vilde „så te".

4.) <u>Myr og vass-sjuk eng. Vatning.</u>

<u>Ja</u>, når ein grev i jordi finn ein av og til gamle veitar, eller slike veitar „byrgt opp". Dei var ikkje <u>godt laga.</u>

<u>Vatning av eng er ukjent her.</u>



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Andre blad.
Emnenr. 12.



(~~Framhaldsark 4~~) Gjødsling.

5) Ja, engi ~~vart~~ fekk litt vintergjødsel; utslåttene vart aldri gjødsla. Men mesteparten av vintergjødsli var bruka til åkeren (åkrane). Sauemøk („smalamøk") var enggjødsel. Kumøk m. m. var helst nytta på åker. Kor sterkt engi vart gjødsla, veit eg ikkje å svara på — har aldri høyrt nokon regel for det. Kvar husbond hadde nok eit „skjøn" på kor mykje han hadde råd til å „spandera" på engi: åkeren laut i vissa få det meste. Det var heilt lite naturgjødsel. Men det var vanleg å samla tre-oska frametter vinteren og kasta den ut over (gjerne vissa) engstykke om våren. „Då veks det fint med kvitkløver der", sa folk. Oska vart rekna som god gjødning.

6) „Tøbødn" og „tø-eng" er kjende ord her. Sernamn på eng frå „tøbødn", kjenner eg ikkje.

7) Ja, dei hadde gjerne det i fankar, der som landet var lagleg til det. — „Tunsig", „tadsig" m. m. er ukjende ord her. Men „mottingsig" (d. v. s. siget frå gjødseldungen) kunde ein høyra. Gjødsla frå kyrne — „mottingen" — låg i gamal tid ute under berr himmel. Små grøfter kunde ein nok laga. — Uarmeleg om det seig bort på grannen sin eigedom. Stakrar på haugar av omsyn til „siget", kjenner eg ikkje til. —

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2083

8) Engi vart gjødsla om hausten.
Dei nytta ei grip - tregrip - til å spreida gjødli med, liksom på åkeren. For ca. 60 år sidan kom jarngrip og jarnspade i bruk meir og meir.
Det hende oftast at gjødli var køyrd ut på sledeføre om vinteren, lagd i "dynge" og godt tilklappa so ho skulde halda seg - "halda råmen" og ikkje tapa i verdi. "Om våren køyrde ein dei store dyngene utover og la det lassevis i høveleg avstand, for å letta på breidingi. Når gjødli - møki - hadde "todna" litt, kom kvinnene med riva og "sivla" møki so små som mogeleg. "Horv" - til det bruk var ikkje nytta den tid. Men det kunde henda ein tok ei buska (greiner) eller bo og let hesten draga over møkbreidsla og fekk på den måten møki fin og høveleg smuldra.
Smala-melmi (sauemøki) hadde ein sjølsagt alltid ut om våren. Den måtte ein hakka fint sund med eit høveleg reidskap, og so breidde - eller kasta - den utover med eit trog (stavatrog). Den møki var vanskeleg å sivla sund med riva - eller horv.
Horv kom vel i bruk utover kring 1870-1880 - litt etter kvart. -

9) Beiting har nok vore nytta, serleg for sauer. Kyr var det mindre med, men noko beiting var det visseleg på engi i eldre tid. Eigedomane var i mange

2083
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tredjeblad
Emnenr. 12

Framhald av Gjödsling



9/ småteigar, so det var tråd at kvar gardeigar kunde hava sine eigne dyr på sine eigne teigar alltid. Det fall altso svært utagleg. –

Beitingi skulde sjölvsagt hjelpa på inneföret. Og i eldre tider var det mest alltid for mange kyr og sauer til det inneföret dei hadde. Difor måtte dei nytta beiting so mykje som råd var for å halda liv i husdyri. –

Den gjödselen som dyri la etter seg ute tok dei nok minst med i rekningi.

Dei 2 siste spursmåli veit eg ikkje til å noko på. –

10/ Engbeiting for kyr er no omlag heilt slutt; skal dei beita i kve ute om hausten no, so vert ho tjora. Men sauene får gå på beite på engi både vår og haust i tid, men på åkrar og attlegg vil ein helst ikkje hava dei.

Den store plantingi av frukt-tre som har halde seg dei siste 25–30 åri gjorde beiting med kyr umogeleg; det er i alle høve ein av grunnane til at det vart slutt. – Og so har folk no mindre påsetnad (færre kyr m.m.) og helst mykje meir inneför, enn dei hadde for ein mannsalder sidan. –

11/. Dei jamna nok gjödselen etter beitedyri utover, men noko serskild reidskap til det bruket, har eg aldri höyrt noko om.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12) Dei dyri, kyr eller sauir, som beita ute, vart hadde inn i heimefjös og sauehus („Smalhus", som me seier her) kvar kveld som regel. Men når dei „løgste" kyrne om våren d.v.s., når dei „hadde dei åt hamnehagen – i utmarki –, då beitt ein kyrne inn om kveldane dei fyrste dögri – gjerne ei heil vika, og gav dei ~~xx~~ litt „vårhöy" kveld og morgon, avdi beitet ute enno var so skrallat at kyrne ikkje var hjelpne med det.
Desse husi kalla ein vårflorar, og dei var bygde like i bögerdet – ja var med si breid ein del av bögjerdet (bögaren), som me seier. Men desse „vårflorane" var ikkje nytta anna om våren – og hendvis i ruskver om hausten. No er det meir slutt med å nytta vårflorane også, – kyrne vert oftast fostra inne til dei vert slepte på kulturbeitet, eller til graset i utmarki er kome so langt at kyrne lyt hjelpa seg med det.
Attmed kvar vårflor er helst eit engstykke som dei slår for å bruka höyet når dei bögser kyrne åt utmarki om våren, – difor namnet vårhöy.
Andre sumarsfjös har dei ikkje her i kring. –

13) Innhegningar som er nemnt her, har ein ikkje i vår grend.

14) – 17) Det som er nemnt om Grindgang .. .. er ukjent her i grendi

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2083

Fjorde blad Emne 12. Grindgang og hoving. 7.

18) Nei, aldri høyrt om slike hus her i bygdi.

19) Dei nemnde ord frå J. Ratne er ikkje brukka her i bygdi, men trå, (troå i bundi form) er brukt, og her er fleire trå berre her på Omastrand(å) - stadnamn. „Kalvatrå" har me ogso, altso ein stad der dei truleg har hatt eit inngjerde for kalvar, men det er korkje åker elle noko ~~[illegible]~~ engstykke no.-

20) Nei, ikkje noko slikt på vår sæter (støl)

21) Fiskeavfall er her so lite av at det kan ikkje reknast med som gjødsel; men eg har vore vitne til at folk for mange år attende kjøpte utskjemd vårsild av førslefarty og bruka til gjødsel, men det ~~er~~ var ikkje vanleg.
Om oska har eg skrive under 5.
Tang har eg sett vore nytta litt, like eins tare, som ein finn i fjøra, dette siste helst på små potetåkrar. -
Tang og tare kastar ein gjerne utover den ferdige potetåker - elle ein kan ogso få det ned i jordi. („Potet-grav" kallar me her ein slik liten ~~potet~~ jordlapp, der det er sett poteter.)

Nokre ord attpå: Folk her slår alltid engi 2 gonger: ~~eng~~slått og håslått.
Some tiegar på „tynslené", „skråpaslåttum", vart ~~vert~~ slege berre annakvart år.

Oma $^{25}/_{10}$ - 48. Andr. Oma

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2083

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hordaland.
Strandebarm.

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring,

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ? Nei



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Nei.

Oma 13/10-48

Ant. T. Oma

2084
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING